



Sunnfjord kommune
Postboks 338
6802 FØRDE

Saksbehandlar, innvalstelefon
Nils Erling Yndesdal, 5764 3120

Sunnfjord kommune - protokoll frå meklingsmøte 10.april 2024 om arealdelen til kommuneplanen

Det var meklingsmøte mellom Sunnfjord kommune og Statsforvaltaren i Vestland den 10. april 2024 om motseigner til kommuneplanens areal (KPA) i Sunnfjord. Møtet var hos Statsforvaltaren i Vestland, Solheimsviken, Bergen. Følgjande deltok:

Sunnfjord kommune

Jenny Følling, ordførar
Terje Heggheim, kommunedirektør
Odd Harry Strømsli, einingsleiar areal og byggjesak
Julie Daling, prosjektleiar KPA

Statsforvaltaren i Vestland

Liv Signe Navarsete, statsforvaltar og meklar
Nils Erling Yndesdal, kommunaldirektør og sekretær under meklinga
Egil Hauge, seksjonsleiar plan
Christian Rekkedal, landbruksdirektør
Eirik Brynjelsen, seniorrådgjevar landbruk

Innleiing

Partane la fram sine syn før meklinga. Denne protokollen har ikkje referert argumenta eller synet til partane. Dei går fram av saka elles. Kommunen si grunngjeving av framleggget går fram av plandokumenta ved andre gongs høyring og vedtaket i formannskapet i møte 09.11.2023. Motsegnsgrunnlaget til Statsforvaltaren går fram av brev datert 04.01.2024. Spørsmålet om mekling vart lagt fram for formannskapet 25.01.2024, og formannskapet konkluderte med at dei ønskte å gå vidare til mekling.

Tidlegare motseigner frå NVE og fylkeskommunen er no løyste, slik at det berre står att uløyste motseigner frå Statsforvaltaren.



Kommunen viste til at dei har jobba med planen sidan 2021. Målet var eigentleg å få arealdelen vedteken i førre kommunestyreperiode. Formannskapet ønskjer no sterkt å få eit resultat i meklinga slik kommunen kan eigengodkjenne planen. Ordføraren la også vekt på at kommunen har strekt seg langt frå første til andre gongs høyring, og sist i formannskapsmøta 09.11.2023 og 25.01.2024.

Kommunen meiner at dei treng å ha opning for fleire bustader i kommuneplanperioden gjennom nye bustadområde. Kommunen vil særleg ha rom for å kunne utvikle også bygdesenter på Sande, i Naustdal og i Vassenden og på Skei. Det kan ta tid å få tettare utbygging i sentera i den grad det er rom for det. Pga. landbruksjord og -drift tett på sentra, må ein noko ut frå desse for å kunne etablere nye bustadfelt. I tillegg har Sunnfjord halde på skular og barnehagar spreidde i kommunen. Det er ønskjeleg å halde på eller styrke folkegrunnlaget for skulane og barnehagane i heile kommunen.

Når det gjeld nye næringsområde viser ordføraren at dei har prioritert større utvidingar på Moskog. I tillegg prioriterer dei næringsområde der det er etablert aktørar som treng vidare utvikling.

Gjennomgang og resultat for dei totalt åtte motsegnpunkta

1. Fritidsbustadområde i Skorabakken, Huus ved Helgheim.

Partane er einige om å redusere fritidsbustadområdet i tråd med den skissa som kommunen presenterte i møtet. Med denne løysinga blir jordbruksareal berre i liten grad råka; dvs. at fritidsbustadområdet inkluderer noko innmarksbeite. Det meste av området er skogsmark.

Motsegna er løyst.

2. Bustadområde B9 på Sunde

Partane er einige om å opne for løysinga som formannskapet vedtok i møtet 25.01.2024.

Motsegna er løyst.

3. Tefrevegen – Kvamme – Grimelandshaug

Partane er einige om å ta ut bustadområdet på Kvamme. Samstundes er ein einige om at det i same området kan setjast av eit område for LNF-spreidd med inntil fire tomter. Kvar av tomtene skal merkast av direkte i kartet. Det er ein føresetnad at bygging av desse fire bustadene ikkje vil utløyse krav om bygging av gang- og sykkelveg over Tefre.

Motsegna er løyst.

4. Bustadområda B21 og B6 på Steiemarka på Sande

Det er alt lagt inn i føresegnehene § 4.1 pkt.8 følgjande «*For områda B6 og B21 skal det vere høg grad av utnytting på bustadområda. Det skal i tillegg leggjast opp til stegvis utbygging.*»



For området nord for barnehagen vert det lagt inn krav om minimum fire bueiningar per dekar. Det blir i tillegg lagt inn at utviklinga skal skje frå nord til sør.

Partane er einige om denne løysinga.

Motsegna er løyst.

5. Næringsområde Skei sentrum nordaust/Hamnaodden

Partane er einige om å leggje inn ein 10-15 meter buffersone mot vatnet. Det viktige er at funksjonane som ei buffersone skal ha for å sikre vassdrags- og naturverdiane vert varetekne i vidare planlegging.

Motsegna er løyst.

6. Ytre Øyrane – transformasjon?

I brev frå Sunnfjord kommune av 17.11.2023 oppmodar kommunen om at Statsforvaltaren trekkjer motsegna. Her følgjer eit sitat frå eit referat frå formannskapsmøtet 09.11.2023 som vart oversendt til Statsforvaltaren 17.11.2023:

«Det er politisk vilje til transformasjon på Ytre Øyrane. Dette bør vere tydeleg i KPA og følgast opp med ny områderegulering. Formannskapet overlet til ei framtidig områderegulering å legge til rette for anna føremål enn næring.

Argument i formannskapet:

- Gjer det enklare for tiltakshavar dersom føremålet er i samsvar med overordna plan.
- Transformasjon i eit 30-års perspektiv.
- Ny områderegulering må ta stilling til korleis fortette og ombruke areal også på Ytre Øyrane. Må sjå heile området i samanheng.
- Det er allereie funksjonar som fagskule og trampolineland på Ytre Øyrane.
- Det er nokre premiss i høve det overordna vegsystemet og ny E39 Storehaug-Bruland som kan endre føresetnaden med lokalisering på Ytre Øyrane for enkelte verksemder.
- Kan vi utvide planområdet for Sentrumsplan Førde til også å omfatte Ytre Øyrane? Kommunedelplan-nivå?

Kommunedirektøren tilrådde å endre KBA1 til NÆ, slik gjeldande områdereguleringsplan viser (jf. Fig. 12). Det blir opp til tiltakshavar å regulere til eit divergerande føremål.

Dei klare politiske signalene om transformasjon vert formidla i planomtalen til KPA».

Statsforvaltaren har mistolka dette referatet. Det er ikkje grunnlag for motsegn når det i denne arealdelen vert lagt opp til at Ytre Øyrane skal vere næringsområde.

Motsegna er løyst.



7. Næringsområde NÆ8 på Moskog:

For dette området ligg det ikkje føre motsegn til arealdelen, men etterhald om bruk av motsegn på reguleringsplannivå dersom det kjem fram store konfliktar med naturmangfald.

Motsegna er løyst.

8. Ospehaugen NÆ5 ved Storehaugen:

Partane er einige om at NÆ5 vert redusert slik at myrområdet sørvest i området ikkje er med i næringsføremålet. Avgrensinga mot myra skal følgje avgrensinga i AR5. Dersom det gjennom ein seinare reguleringsplanprosess, der planområdet blir utvida til også å omfatte myra, skulle kome fram av at det ikkje blir negative verknader på myra, vil Statsforvaltaren ikkje bruke motsegn på neste plannivået.

Motsegna er løyst.

9. Føresegner om LNF – stølsområda

Partane ser at det siste framlegget til føresegner for LNF-områda er i strid med plan- og bygningslova på fleire punkt.

Partane er såleis einige om å gå tilbake til førre høyningsframlegg.

Motsegna er løyst.

Partane har med dette løyst alle dei attståande motsegnene.

Sunnfjord kommunestyre kan med dei justeringane som går fram av protokollen no eigengodkjenne planen.

Dersom kommunestyret ikkje skulle slutte seg til det som er semja i meklinga, vil planen måtte sendast via Statsforvaltaren til Kommunal- og distriktsdepartementet, KDD, for endeleg avgjerd. I så fall kan Statsforvaltaren gje vidare rettleiing om prosessen.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN